

Ing K Dømbe
Ketil Dømbe
Fanavegen 221 C
5239 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3023 - 21/31544

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
07.05.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 213/1 Eikanger nedre

Tiltak: oppføring av lagerhall
Byggjestad: Gbnr: 213/1
Tiltakshavar: Eikanger Park og Anlegg -Arne Martin Eknes
Ansvarleg søkjar: Ing K Dømbe

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 31.03.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er opplyst at avstand til veg er 8 meter. For det aktuelle området er det kommunedelplan for Lindås som gjeld og det er ikkje teikna inn byggegrense. Det må difor søkast om dispensasjon frå avstandskravet til kommunal veg.
2. Planlagt bygning er plassert på areal med to ulike arealføremål. LNF og Areal for offentlig eller privat tenesteyting. Slik kommunen forstår saka av søknaden er det snakk om oppføring av lagerhall til privat næring. Tiltaket vil soleis ikkje være i samsvar med nokon av desse føremåla og det må søkast om dispensasjon.



Utsnitt kommunedelplan

3. Det går ikkje klart fram om det er tenkt at utsjånad skal være som på illustrasjonsteikning vedlagt søknad. Vi ber om stadfesting eller oppdaterte teikningar som viser korleis lagerhallen vil bli sjåande ut. Dette for å vurdere korleis visuelle kvalitetar harmonerer med omgivnadene.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan 07.06.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Sidan det er snakk om søknad med dispensasjon vil sakshandsamingsfrist være 12 veker og ikkje 3 slik det er lagt fram i søknaden.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Eikanger Park og Anlegg -Arne Martin Eknes	Nedre Eikanger 7	5913	EIKANGERVÅG
---	------------------	------	-------------

Mottakarar:

Ing K Dømbe	Fanavegen 221C	5239	RÅDAL
-------------	----------------	------	-------